

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
099/21	Heradsstyret	PS	08.12.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	21/2985

## Delegerte saker

### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
------------	--------

001/21	Kjellarn restaurant - Skjenkekontroll 17.09.21 og 24.10.21 - tildeling av prikkar - melding om vedtak
--------	-------------------------------------------------------------------------------------------------------

Rådmannen sitt vedtak:

Saksnummer	Tittel
------------	--------

002/21	Ole Bull Kro - Skjenkekontroll 17.10.2021 og 24.10.2021 - tildeling av prikkar - melding om vedtak
--------	----------------------------------------------------------------------------------------------------

S M Trading AS / Ole Bull kro, Valestrand, org.nr: 946834580, vert i medhald av alkoholforskrifta § 10-3, jf. same forskrift § 10-2, tildelt 2 (to) prikkar for overtreding av alkoholforskrifta § 4-1, jf. rapport etter skjenkekontroll datert 17.10.2021.

S M Trading AS / Ole Bull kro, Valestrand, org.nr: 946834580, vert i medhald av alkoholforskrifta § 10-3, jf. same forskrift § 10-2, tildelt 4 (fire) prikkar for overtreding av alkoholforskrifta § 4-4, jf. rapport etter skjenkekontroll datert 17.10.2021.

S M Trading AS / Ole Bull kro, Valestrand, org.nr: 946834580, vert i medhald av alkoholforskrifta § 10-3, jf. same forskrift § 10-2, tildelt 2 (to) prikkar for overtreding av alkoholforskrifta § 4-1, jf. rapport etter skjenkekontroll datert 24.10.2021.

S M Trading AS / Ole Bull kro, Valestrand, org.nr: 946834580, har med dette 8 prikkar pr dags dato. Dersom det i løpet av ein toårs periode vert tildelt til saman tolv prikkar til ein skjenkestad, vert skjenkeløyvet inndratt for ei veke. Ved fleire enn tolv prikkar innan toårs perioden skal inndragingsperioden aukast tilsvarande.

### Grunngjeving for prikkdeling:

I samband med skjenkekontroll 17.10.2021 vart det dokumentert fleire personar openbart påverka av rusmidlar som både vert gjeve tilgang til lokalet og heller ikkje vert vist bort. Det vert også dokumentert at ein person tok med seg skjenkt alkoholhaldig drikk når de forlet skjenkelokalet. Ovannemnte er i strid med alkoholforskrifta §§ 4-1 og 4-4.

I samband med skjenkekontroll 24.10.21 vart det dokumentert at personar som vart åpenbart påverka av rusmidlar vert gjeve tilgang til skjenkelokalet. Desse vert fjerna etter kort tid, men dette er likevel i strid med alkoholforskrifta § 4-1.

---

Inneverande 2 årsperiode startar frå første avvik vert dokumentert 17.10.2021, jf. Alkoholforskrifta § 10-2 tredje ledd.

---

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

**Heradsstyret - 099/21**

**HS - behandling:**

DS 002/21

Henrik Øksnes, FRP, ønskja sin gildskap vurdert då han er tilsett i Ole Bull Kro.

-----  
Henrik Øksnes, FRP, forlet møte. Ingen vara tilstades.  
25 medlemmar tilstades  
-----

**AVRØYSTING GILDSKAP**

Voteringa går fram av protokoll for votering

Grunngjeving: Heradsstyret fann at Henrik Øksnes, FRP, gild i saka då dette, slik den ligg føre på sakslista, ikkje er ein sak til handsaming og difor kan heller ikkje Henrik Øksnes, FRP, vere part i saka jf. fvl. § 6.

-----  
Voteringa elles i saka går fram i protokoll for votering

**HS - vedtak:**

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

**Saksopplysningar:**

Oversyn over saker som er handsama etter delegert mynde.